



Årsmelding 2014



Innhald

1. Styresamansetning/ eigarform	3
2. Styret 2014	3
3. Året 2014	3
4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2014	4
4.1. Full Rulle	4
4.2. Språkkafé	4
4.3. Gåturar	4
4.4. Kulturkafé	4
4.5. Rettleiing av lag og organisasjonar	5
4.6. Datakurs	5
4.7. Sansehagen ved Frivilligsentralen	5
4.8. Utlån av Friluftslivsutstyr	5
5. Andre aktivitetar og arrangement	6
5.1. Frivilligdagen 2014 – fole kjekt i Vestnes	6
5.2. Frivilligmøte og temakveld	7
5.3. Satsing på ungdom	7
5.4. Aktivitet i samarbeid med andre	7
5.5. Prosjekt: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune	8
5.6. Den Kulturelle Spaserstokken	8
6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokale	8
7. Samarbeid med andre frivilligsentralar	8
8. Marknadsføring av Frivilligsentralen	8
9. Vestnes Frivilligsentral 2015	9
10. Frivillige og økonomi	9

1. Styresamansetning/ eigarform

Eigar av Vestnes Frivilligsentral er Vestnes kommune, kommunen har personalansvar for dagleg leiar og for økonomi. Formannskapet og styret i Vestnes Frivilligsentral utgjer Årsmøtet.

Styret i Frivilligsentralen består av 5 medlemmer og 3 varamedlemmar valt av årsmøtet, kommunen har ein representant med vara i styret.

2. Styret 2014

Per Gisle Enge	styreleiar
Gerd Misfjord	nestleiar
Anne Marie Fiksdal	representant for Vestnes kommune/eigar
Trude Flusund	styremedlem
Ragnhild Vestnes	styremedlem
Aud Marie Bergdal	vara for kommunen/eigar sin representant
Hanne Moldver Salthammer	vara
Are Elvevold	vara

3. Året 2014

Det har vore eit innhaldsrikt år med vidareføring av etablerte aktivitetar og oppstart av nye. Styret har i 2014 utarbeidd ein strategi som legg føringar for eit målretta arbeid i perioden 2014-2016.

Styret har i tillegg til årsmøtet hatt 4 styremøter i 2014. Karianne Bergset Austnes har vore tilsett som dagleg leiar i 100 % stilling i 2014. Frå og med 2014 har Frivilligsentralen lagt under driftseininga Kulturskulen, ilag med Vestnes Folkebiblioteket. Dette har ført til mykje godt samarbeid, og eit viktig kollegium for dagleg leiar.

Visjon for Vestnes frivilligsentral sitt arbeid:

Vestnes Frivilligsentral skal bidra til at innbyggjarane i Vestnes kommune kjenner trivsel og tilhørighet i lokalsamfunnet, og legg til rette for deltaking i lokalsamfunnet.

Langsiktige mål:

- Vestnes Frivilligsentral er ein møteplass og brubbyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar og det offentlege
- Vestnes Frivilligsentral er ein aktiv støttespelar og kompetansebank for frivilligheten i Vestnes kommune

4. Faste aktivitetar og tilbod gjennom Vestnes Frivilligsentral 2014

4.1. Full Rulle

Full Rulle er ein møteplass for foreldre som er heime med små born. Ope kvar torsdag kl. 11.00-14.00. Sentralen legg til rette med leiketepper, leiker og kaffi/te. Tilbodet vert jamt nytta med besøk på mellom 5-10 foreldre kvar gong. 13.november vart det arrangert gratis kurs i førstehjelp for foreldra, Tresfjord Røde Kors stod for kursinga.



4.2. Språkkafé

Språkkafeen er eit nytt tilbod og starta opp i mai 2014. Målet er å skape ein møteplass for integrering og for alle som ynskjer å praktisere norsk. Tilbodet er anna kvar onsdag frå kl. 18.00-20.00. Stemninga er uformell med fokus på munnleg språk. Spel og aviser vert nytta for å inkludere alle i praten. I hovudsak er deltakarane asylsøkarar og busette flyktningar, det vert jobba for å nå fleire arbeidsinnvandrarar. Det vert servert kaffi og kaker, tilbodet er gratis. 17 frivillige er med og Språkkafeen er godt nytta med mellom 25-40 deltakarar kvar gong.



4.3. Gåturar

Gåturar vert arrangert i månadane april-september. Målet er å bidra til betre folkehelse. Det er turar kvar torsdag, kl. 17.00, til ulike mål i kommunen. Frivillige guidar visar veg og fortel om stadane turen går til. I 2014 vart det arrangert 17 turar med eit snitt på 10-15 deltakarar kvar gong. I 2015 vil ein sjå på korleis denne aktiviteten kan vidareutviklast i tilknytning til Friluftslivets år 2015.

4.4. Kulturkafé

Kulturkafé vert arrangert fast kvar tysdag, kl. 15.00-17.00. Ei gruppe på 10 frivillige bytter på å vere verter. Dei syter for mat og drikke til sal i kafeen. Kvar kafé har eit kulturelt innslag. I 2014 har det variert med songkafé, teater, forteljarteknikk, elevar frå Kulturskulen, dikt, dans, visesong etc. Antall

besøkande varierer mykje etter type kulturelt innslag. Ei meir eller mindre fast deltakargruppe er på 15 personar, men besøkstalla kan vere opp til 40 stk.



4.5. Rettleiing av lag og organisasjonar

Frivilligsentralen tilbyr rettleiing for lag og organisasjonar som ynskjer dette. Rettleiinga går på styrearbeid, økonomi, søknadar og prosjektstyring. Fleire har nytta av seg av tilbodet, men Frivilligsentralen vil arbeide med å synleggjere dette tilbodet ytterlegare i 2015.

4.6. Datakurs

Våren 2014 vart det arrangert datakurs for seniorar i samarbeid med Vestnes Folkebibliotek med 13 deltakarar. Samlege fekk oppfølgingskurs på 2x2 timar på Frivilligsentralen i grupper på to og med ein frivillig dataretteiar.

4.7. Sansehagen ved Frivilligsentralen

Tidlegare dagleg leiar, Anny Gjerde, har arbeidd vidare med prosjektet sansehage ved Frivilligsentralen. Det har vore 60 dugnadar med om lag 45 frivillige involvert i arbeidet med mellom anna planting, oppsetting av lysthus og bygging av scene. Hagen vil bli ferdigstilt våren 2015, med opning 09.05.15. Hagen er open for alle.



4.8. Utlån av Friluftslivsutstyr

Friluftsrådet for Ålesund og omland vart 40 år i 2014. Dette vart markert med at dei delte ut ei utstyrskasse til samlege medlemskommunar. Frivilligsentralen administrerer utlånet i Vestnes. Skular, barnehagar og lag og organisasjonar kan låne gratis. Utstyrspakka skal stimulere til eit aktivt friluftsliv, og består av lavvo, taubruer, bålpanne, sag, øks, diverse grillutstyr samt popcornpanne til

bål. 29.oktober opna vi gåva og elevar frå Helland barneskule og barnehage var med og testa utstyret på eit arrangement i Kråkvika, dette i samarbeid med folkehelsekoordinator.



5. Andre aktivitetar og arrangement

5.1. Frivilligdagen 2014 – fole kjekt i Vestnes



Laurdag 20. september vart det igjen arrangert Frivilligdag i regi av Frivilligsentralen. 26 lag og organisasjonar var med og bidrog til at det vart ein fole kjekk dag i Vestnes. Tross regn og vind var det mykje aktivitet i Helland sentrum med mange besøkande. Målet med Frivilligdagen er å syne breidda av frivillig aktivitet i kommunen, at lag og organisasjonar får vist seg fram. Det er også ein møteplass for lag og organisasjonar, og for innbyggjarane generelt i Vestnes og håpet er at dette skal bidra til auka trivsel.

Frivilligsentralen vil arrangere Frivilligdagen årleg, i 2014 vart det gjort i godt samarbeid med sentrumsforeninga og Kulturskulen, i tillegg til alle dei lag og organisasjonar. Aktivitetar var informasjonsstands, sal av mat og drikke, hoppetunell for barn, jamsession i Gamle smiå, barneløpskonkurranse, linegåing, konkurransar, loddsal, og appellar og underhaldning i form av song, dans, korpsmusikk og turn frå scena. Arrangementet fekk pressedekning i Vestnesavisa og Bygdebladet.



5.2. Frivilligmøte og temakveld

I februar inviterte Frivilligsentralen alle lag og organisasjonar i kommunen til eit inspirasjons- og innspelsmøte for å informere om Vestnes Frivilligsentral sitt arbeid og tilbod til frivilligheten i Vestnes. Ordføraren delte sine tankar om viktigheita av frivilligarbeid i kommunen for å styrke trivsel og kjensla av å høyre til. Fylkeskommunen deltok med seksjonsleiar på frivillighet og inspirerte med eit foredrag om frivilligheten si rolle i det norske samfunnet. Omtrent 40 deltok på møtet.

I mars inviterte Frivilligsentralen til ein temakveld om integrering: kva rolle har frivilligheten i integreringsarbeidet? Møre og Romsdal Røde Kors informerte om sitt arbeid på området, og dagleg leiar snakka om planar for oppstart av Språkkafé. Flyktningskoordinator presenterte introduksjonsprogrammet for flyktingar, og to nyleg busette i Vestnes kommune delte sine erfaringar om korleis det er å vere ny i Vestnes. 52 deltok på møtet.

5.3 Satsing på ungdom

Etter innspel frå ungdom i Vestnes, gjennom Elevrådet ved Helland skule, Ungdomsrådet i Vestnes kommune, og elevar ved Tomrefjord skule har ein starta arbeidet med å skape ein uformell møteplass for Ungdom. Frivilligsentralen mottok støtte frå Ungdomsmidla til Fylkeskommunen til innkjøp av utstyr, kommunen støtta med måling og Innsats for andre-elevar ved Helland skule pussa opp peisstova på Frivilligsentralen for å legge til rette for ein møtestad for ungdom. Rekruttering av frivillige og oppstart vil skje i mars 2015 om ein får nok frivillige. I første omgang satsar ein på å ha oppe ein dag i veka, annakvar veke for 7.-10.klasse.



Nyoppussa peisstove klar for å vere ein møteplass for ungdom i Vestnes kommune.

5.4 Aktivitet i samarbeid med andre

Frivilligsentralar skal vere eit bindeledd mellom kommune og det frivillige, og vere ein støttespelar for frivillige lag og organisasjonar. Samarbeid og koordinering er derfor to viktige ord for arbeidet. I 2014 har det vore samarbeidd med mange, under er nokon av samarbeidet nemt. Sidan 2014 har Frivilligsentralen vore ein del av eininga Kulturskulen, saman med biblioteket, dette har blitt viktige diskusjons- og samarbeidspartnarar for sentralen.

Frivilligsentralen er ein del av den kommunale **TV-aksjons** komiteen, og bidrog i koordineringa her. Dagleg leiar har heldt informasjonsmøter om frivillighet og frivillig arbeid for asylsøkarar på **Vestnes statlige mottak**, og for busette flyktingar i Vestnes. Mottaket og **flyktingetesta** er også viktig i arbeidet rundt Språkkafé, og for drøfting rundt arbeid med integrering.

Tresfjord Røde Kors har ein samarbeida om førstehjelpskurs for foreldre med. Ein breidde av **lag og organisasjonar** frå heile kommunen tok del i Frivilligdagen 2014, her var det også godt samarbeid med Vestnes Sentrumsforening og kommunen. I samarbeid med Vestnes Husflidslag har Vestnes Frivilligsentral arrangert tre **Strikkekafear** med godt oppmøte. Dagleg leiar har skulert elevar på Tomrefjord skule og Helland skule som tek faget **Innsats for andre** om frivillighet, frivillig arbeid og Vestnes Frivilligsentral. Elevar frå Innsats for andre ved Helland skule har **pussa opp peisstova** på Frivilligsentralen, og vil vere involvert i oppstarten av Ungdomskafé. Ein har i samarbeid med

Folkehelsekoordinator, bibliotek og NAV forsøkt å kome i gong med ein **Utstyrssentral**, dette arbeidet vil fortsette i 2015.

5.5 Prosjekt: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune

I 2014 søkte Frivilligesentralen, Kulturskulen og biblioteket på Lokal samfunnsutviklings midlar (LUK) gjennom Fylkeskommunen. Vi fekk støtte til prosjektet: God integrering – ei berekraftig samfunnsutvikling i Vestnes kommune. Vestnes kommune er ei internasjonal kommune med 35-40 nasjonar. Støtta skal gå til å lage ein kunnskapsrapport som gir Vestnes kommune ein god og heilskapleg kunnskap om ulike innvandrargrupper i Vestnes, problemstillingar og mulegheiter. Rapporten skal peike på gode samarbeidsformer mellom Vestnes Folkebibliotek, Vestnes Kulturskule og Vestnes Frivilligsentral for å kunne jobbe heilskapleg med integrering seg i mellom og med bedrifter, folkehelsekoordinator og andre relevante instansar i kommunen, som lag og organisasjonar. Rapporten skal peike på konkrete tiltak for å sikre betra integrering gjennom frivillighet og kultur. Førebuingar vert gjort i 2015, og oppstart av sjølve kartlegginga for kunnskapsrapporten vert starta i 2016.

5.6 Den Kulturelle Spaserstokken

Vestnes Frivilligsentral har hatt ansvar for støtteordninga Den Kulturelle Spaserstokken. Dette er støtte frå Fylkeskommunen som skal bidra til kvalitetssikra kulturelle tilbod for eldre som elles ikkje har tilgang på kultur. Dette arbeidet gjerast i samarbeid med Vestnes Kulturskule. Frivilligsentralen har stått for koordinering, søking og rapportering. I 2014 har ein hatt tilbod på Biblioteket, Vestnes sjukeheim, Tresfjord trygdeheim, Mariebo og Kulturkafeen på Frivilligsentralen. Totalt har ca. 170 eldre fått kulturelle opplevingar gjennom ordninga.

6. Bruk av Frivilligsentralen sine lokale



I løpet av 2014 har lag og organisasjonar, kommunale einingar, næringsliv og private lånt/leigd lokala til Vestnes Frivilligsentral. Lag og organisasjonar får leige gratis til styremøter. I 2014 var lokala leig ut 134 gonger, eit snitt på vel 3 gonger per veke (ikkje juni/juli).

7. Samarbeid med andre frivilligsentralar

Vestnes Frivilligsentral har jamleg kontakt med dei andre sentralane i Romsdal og Nordmøre. Årleg vert det arrangert regionkonferanse der Frivilligsentralen deltek. I 2014 var konferansen i Stavanger. Her vart det nedsatt ei gruppe som skal arbeide for ei etablering av ein overordna struktur for Frivilligsentralane i landet, dette for å sikre at sentralane sine synspunkt på frivillighetspolitikk vert høyrte hos beslutningstakarar. I tillegg har dagleg leiar deltatt på fire nettverkssamlingar ilag med Frivilligsentralane i Fræna, Kristiansund, Molde, Aukra, Sunndal og Rauma.

8. Marknadsføring av Frivilligsentralen



Lik oss på
Facebook

Vi marknadsfører Frivilligsentralen og aktuelle saker på kommunen sine heimesider, Facebook-sida til Frivilligsentralen (oppretta 2014) og lokalavisene. Facebooksida har passert 300 følgjarar og Vestnes Frivilligsentral har hatt 15 oppslag i Vestnesavisa i 2014, eit på NRK Møre og

Romsdal TV, eit i NRK Møre og Romsdal radio, to oppslag i Romsdals Budstikke og 4 oppslag i Bygdebladet.

I samband med Frivilligdagen hadde sentralen stand i sentrum med eigne brosjyrar. All aktivitet ved Frivilligsentralen vert annonsert i Kulturkalenderen til Vestnes kommune, i kulturkalenderen i Vestnesavisa og noko i Bygdebladet og Romsdals Budstikke.

9. Vestnes Frivilligsentral 2015

Vestnes Frivilligsentral bidreg positivt i lokalsamfunnet i Vestnes, og arbeider for at sentralen skal vere aktuell for ei breidde av innbyggjarane i kommunen. Det er alltid rom for vidareutvikling og forbetring. I 2015 ynskjer Frivilligsentralen å jobbe vidare for å nå måla i strategien, og særleg med å få auka kontakt med den organiserte frivilligheten i kommunen.

Vestnes Frivilligsentral vil bidra til å styrke lag og organisasjonar i kommunen, med å tilby rettleiing/kurs på det som det er behov for, f.eks søknadsskriving, økonomi, styrearbeid og prosjektstyring. Frivilligsentralen kan ta ei koordinerande rolle i samarbeidsprosjekt mellom ulike organisasjonar, og legge til rette for samarbeid. Det er også viktig for sentralen at organisasjonane kjenner til lokala og tilbodet om å nytte desse. Vestnes Frivilligsentral skal også vere med og synleggjer det frivillige arbeidet i Vestnes, og behova til frivilligheten.

I tillegg vil det i 2015 arbeidast særleg med Friluftslivetsår, turkasseordninga Stikk UT!, og for å få på plass utstyrssentral og tilbod for ungdom.



10. Frivillige og økonomi

Aktiviteten ved Vestnes Frivilligsentral er avhengig av frivilliginnsats. Som årsmeldinga syner har mange frivillige deltatt i ulike aktivitetar. Aktivitetar som bidreg til auka trivsel og som dekker eit behov. Dei om lag 100 frivillige gjer ein fantastisk innsats!

I 2014 fekk Frivilligsentralen statsstøtte på 310.000 kr, denne støtta er betinga dagleg leiar i 100% stilling. I tillegg fekk ein støtte gjennom Ungdomsmidla i Møre og Romsdal Fylkeskommune på vel 18.000 kr. Til Den Kulturelle Spaserstokken mottok ein 51.262 kr i støtte. Budsjettet for 2014 var på 896.000 kr, utgiftene var på 861.000 kr. Midla vart nytta meir eller mindre som budsjettert.